



Alver kommune - 01.01.2020
plan- og byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/12418 - 20/55948

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
08.09.2020

Tillegg til landbruksuttale om nytt våningshus på GBNR 103/7 på Fjellanger

Viser til tidlegare møte om denne saka.

Det er søkt om nytt våningshus på bruket då nye eigarar har ønskje om å tilflytta bruket og driva det. Det gamle huset er i dårleg stand og manglar det meste for å tilfredsstilla dagens krav til bustadhus. Det er ikkje tidsmessig, manglar vatn og avløp, uisolert, jordgol, utanpåliggjande elektrisitet m.m., det vil vera vanskeleg og svært kostbart å få dette huset i fullgod stand. Huset har likevel ein kulturhistorisk verdi, og er eit viktig element i det gamle tunet. Det kan i framtida vera til god nytte som landbruksbygg på bruket til lager eller andre ting. Landbruksavdelinga har ingen merknader til at det vert bruksendra til anna landbruksbygg. Eit nytt våningshus vil tilføra bruket ein viktig ressurs, og er ein føresetnad for busetjing. Det er vanskeleg å setja i gang med dyrehald dersom ein ikkje bur på staden. Erfaring er og at dei bruka det bør folk på vert best ivareteke både landskap og bygningar. I jordlova § 9 er våningshus likestilt med fulldyrka jord og det er difor ikkje naudsynt med omdisponeringsamtykke.

Det har vore diskutert ulike plasseringar av det nye huset. Øystein Kolstad frå landbruksavdelinga har vore på synfaring for å sjå på endring i markslagsgrenser, og kan stadfesta at der fylkesmannen meinte huset burde plasserast, er det no vorte fulldyrka jord. Dette er ein meir verdfull arealkategori enn innmarksbeite, og landbruksavdelinga meiner difor at dette er eit dårleg alternativ. Staden er og lite eigna fordi det er bratt og kjem i konflikt med nabogrense.

Landbruksavdelinga meiner difor at plassering som vart omsøkt etter råd frå Nils Kaalaas er den beste og vil rå til at denne vert godkjent. Me vil rå til at søknaden vert innvilga på vilkår at det gamle våningshuset vert bruksendra til anna landbruksbygg.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Alver kommune - 01.01.2020